



Innst. S. nr. 254

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 82 (2006-2007)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om lønsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2007 mv.

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg i proposisjonen fram følgjande saker under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariff-

området, kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde, kap. 1541 Pensjonar av statskassa, kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse, kap. 1546 Yrkesskadeforsikring og kap. 1547 Gruppelivsforsikring:

1. Lønsregulering frå 1. mai 2007 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet med fleire.
2. Regulering av statspensjonane per 1. mai 2007 saman med andre pensjonsforhold.
3. Endringar i statsbudsjettet for 2007.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til at det er gjort endringer i forhold til proposisjonen i fra-/til-beløp i forslag til vedtak på grunn av forslag fremmet i St.prp. nr. 69 (2006-2007), og som behandles i Stortinget etter denne innstillingen.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2007 vert det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|-----------|------|---|-------------|
| Utgifter: | | | |
| 2315 | | Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert løyvd med | 800 000 000 |
| 1503 | | Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde | |
| | 70 | Tilskot, vert auka med | 5 092 000 |
| | | frå kroner 86 127 000 til kroner 91 219 000 | |
| 1541 | | Pensjonar av statskassen | |
| | 1 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 971 000 |
| | | frå kroner 20 900 000 til kroner 21 871 000 | |
| 1542 | | Tilskot til Statens Pensjonskasse | |
| | 1 | Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 474 285 000 |
| | | frå kroner 7 484 000 000 til kroner 7 958 285 000 | |
| | 70 | For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med | 5 549 000 |
| | | frå kroner 83 000 000 til kroner 88 549 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-----------|
| 1546 | 1 | Yrkesskadeforsikring Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 96 800 000 til kroner 98 421 000 | 1 621 000 |
| 1547 | 1 | Gruppelivsforsikring Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 78 700 000 til kroner 81 970 000 | 3 270 000 |

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2007 vert føreteke regulering av løningane mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat, YS Stat, Akademikerne og Unio i samsvar med forhandlingsforslaget i protokoll av 9. mai 2007.

III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2007 vert føreteke regulering av løningane mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av NITO og NFF i samsvar med forhandlingsforslaget i protokoll av 9. mai 2007.

IV

For embets- og tenestemenn som ikkje er medlemmer av organisasjonar som nemnde i romartal II og III og difor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette i hovudtariffavtale, skal det gjelde same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal II og III. Embets- og tenestemenn som er tekne ut av hovudtariffavtalen, får

sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

Pensjonar i Statens Pensjonskasse vert regulerte i samsvar med auken i grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2007.

Statens pensjonskasse vert gitt fullmakt til å regulere og tilpasse pensjonar som på grunn av særlege pensjonstekniske forhold ikkje med rimeleg resultat kan regulerast i samsvar med punkt 1.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar av statskassa på same måte som for statspensjonistar etter punkt 1.

VI

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, på dei av postane i statsbudsjettet som har lønsløyving.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 6. juni 2007

Tore Hagebakken
leder og ordfører